



Klepp

Innkalling til Årsmøte 2024 i Klepp BKL

Stad: Horpestad Grendahus Tid: 23. oktober kl. 19.00

Hovudgjest: Kristine Kleppe Knædal starta i juli 2024 opp Kleppe's Mikrobakeri med 100% surdeigsbrød. Ho vil fortelja om surdeigsbaking, og det blir og høve til å kjøpa produkt.

To gjester frå styret i Rogaland Bygdekvinnelag kjem på Årsmøtet.

- Mat: Smørbrød og kaker
- Orientering om kurs v/ Åslaug Å. Grude
- Utlodning
- Saksliste:
 - Sak 1. Godkjenning av innkalling og saksliste
 - Sak 2. Val av møteleiar
 - Sak 3. Val av referent
 - Sak 4. Val av 2 til å skrive under årsmøtereferat
 - Sak 5. Godkjenning av Årsmelding
 - Sak 6. Godkjenning av Regnskap/BSF regnskap
 - Sak 7. Innkomne saker.
 - Sak 8. Val

Alle velkomne! Åpent møte, men bare medlemmer har stemmerett.

Leiaren har ordet.

Kjære medlemmar: Neste år feirar Klepp Bygdekvinnelag 100 år!

1.feb. 1925 var offisiell oppstartsdato, og vi håper at alle vil melda seg på Festmiddag på Hotell Jæren lør. 1.feb. 2025. Då vil vi feira saman med Time og Sandnes BKL som starta opp same dato. Neste år blir derfor ei tid for både å sjå bakover og mimra, men endå viktigare: Sjå framover. Kva er det som kjenneteiknar Bygdekvinnelaget som organisasjon idag? Kven er vi, og kva vil vi?

Norges Bygdekvinnelag omtaler bygdekvinnelaget slik i vervekampanjen:

«Årets kampanje skal vise at for et års medlemskap i bygdekvinnelaget får vi delta i Norges triveligste kvinnefelleskap. Vi får påfyll av kunnskap som aldri blir oppbrukt, vi kan delta på turer og får gratis trening, vi deltar i kjekke aktiviteter i lokalmiljøet og får muligheten til å sosialisere med supre damer.»

Men i tillegg til å vera ein gild sosial klubb viser vi og samfunnsengasjement. Bygdekvinnelaget er ein partipolitisk nøytral organisasjon som likevel har sine merkesaker: Arbeid for livskraftige bygder, jordvern, og å ta vare på tradisjonar verdt å ta vare på innan både mat og handverk. Og kor blir det av skulematen??

Kathrine Kleveland var leiar i Norges Bygdekvinnelag i 6 år. Ho skreiv allereie i 2009 fylgjande i eit brev til medlemmane: «Mat er et hovedarbeidsområde, og Bygdekvinnelaget vil fremme ren, trygg norsk mat!» Kleveland har stått på barrikadane for innføring av skulemat i mange år, og det er fint å vita at ho vart innvald på Stortinget i 2021. Vi heier på henne, og fortset kampen for både skulemat til alle og varm mat i barnehagane.

Gjennom prosjekt «Nøysom» vil vi dei neste 2 åra aktivt arbeida imot matsvinn og for gjenbruk.

Bygdekvinnelaget viser og internasjonal solidaritet gjennom støtte til kvinnelege småbønder i Guatemala (Utviklingsfondet) og i Kamerun (Sambolabo).

Her heime gir vi gåver til ulike gode føremål gjennom Basaren, og sørger for Vaffelkos med sang og musikk på Kleppheimen. Vi støttar og opp om Regnbogeparaden, som er Jæren Pride sin måte å støtta arbeidet for grunnleggande menneskerettar på for ei utsett gruppe i samfunnet.

I dag opplever vi ting som truar demokratiet..... å møtast for å ha det gildt og snakka saman blir viktigare og viktigare. Vi vil arbeida imot radikaliserings og utanforskap mellom anna ved å ta vare på møteplassar på bygdene. Kunst & Handverkstova på Horpestad kan bli ein slik plass der folk kan møtast på tvers av generasjonar. I alle fall er det fantastisk at vevstolane våre endeleg har fått ein trygg plass her!

Marianne Øvregaard, leiar

Klepp BKL hadde per 1.sept. 2024 87 medlemmar (etter fusjon med Bore). Styret har hatt 7 styremøte og arbeidd med 38 saker. Då er ikkje faste postar som Godkjenning av innkalling og Møtereferat tatt med.

Styret 2023/24 har vore:

Leiar: Marianne Øvregaard

Nestleiar: Mariann Tjørn

Kasserar: Gro Mabel Anda

Sekretær: Reidun Skretting

Studieleiar: Åslaug Årslund Grude

Styremedlem: Anne Gro Bilstad

1.vara som møter fast: Karin Braut

2.vara: Runa Lise Skadsem 3.vara: Siri Margrethe Byberg

I tillegg har vi egne komitear for Basaren, Haustmarked, Vaffelkos på Kleppheimen og Hausttakkegudsteneste (sjå komiteinnlegg lenger nede i Årsmeldinga).

Arrangement /representasjon:



Sept.23: «Grand old lady» i flatbrød /lefse-tradisjon
Møyfrid Sirevåg var gjest på Lagsmøtet 13.9., og inspirerte fleire av oss til å delta på kurs – kjempejillt! «Open gard» 17.9. på Øksnevad Vid.Skule var eit stort arrangement i samarbeid med Bondelaga. Over 5000 barn og vaksne kosa seg med aktivitetar i finveret. Her stilte 8 bygdekvinne til dugnad og selde over 700 lappar og 15 langpannekaker!

Okt. 23: Søn. 1.10. var det Haustmarked i samarbeid med Bore Samfunnshus og Bore bondelag. Primus motor Anne Lise Tjelta hadde fått tak i utstillarar som selde kortreist mat - mykje folk stakk innom. Bygdekvinnelaget deltok med potetskrelling, eige loddsal, kaker og folk i kaféen til å selja desse. Mest populært var utan tvil nysteikte potetkaker rett frå kjøkkenet på Bore Samfunnshus.



17.10 . var det dukka for eit heilt nytt arrangement: «Frivilligbørs» i regi av Frivilligsentralen. Her inngjekk vi fleire avtalar og verva 1 nytt medlem.

19.10. var det Årsmøte på Bore Samfunnshus, der Bore BKL formelt fusjonerte med Klepp BKL. Fjola Særheim fortalde om blomedyrking og firmaet sitt: www.Blomivase

22.10. var det TV-aksjon der nokre medlemmar reiste rundt på bygda med bøsser.

Nov.23: 1.11. var rundt 80 personer samla på Horpestad Grendahus for å delta på den årlege Basaren med stor B! Tusen takk til avtroppande komité som har fått dette til, og velkommen til ny komité. 11. og 12.nov. deltok Mariann og Reidun frå styret på Organisasjons-seminar i regi av Norges Bygdekvinnelag. Gro Mabel var med frå Rog. Bygdekvinnelag.

Des.23/jan.24: Travel tid for alle i desember, så julemøtet blei dette året utsett og forvandla til Nyttårsfest på Bore Samfunnshus lør. 20.jan. for å feira samanslåinga av Klepp og Bore BKL. Vi inviterte alle 3 bondelaga, og baud på Biff Stroganov, god underhaldning og danseband. Super dugnadsinnsats både frå bygdekvinnelaget og bondelaga.

Feb.24: 14.feb. var det ope Lagsmøte på Horpestad Grendahus der Bydelismødrene snakka om det frivillige arbeidet med å integrera flyktningar i Klepp. 28.feb. var det Sonemøte på Høgghuset på Bryne. Her hadde Time BKL region, og tema var fysisk og psykisk helse ved fysioterapeut Lars Zachariassen. Overskotet gjekk til Sambolaboprojektet.


Mars 24: Tradisjonell Bok-kveld hos Mari på Norli 21.mars, med innlagt kafébesøk hos Sele mat. Alltid gode tips å få både frå Mari og andre deltakarar - vi er garanterte leseopplevingar!

April 24: Vår landskjende diktar Åse-Marie Nesse ville blitt 90 år i april. Vi arrangerte ope temamøte der «Søstrene Øvregaard» fortalde om henne gjennom bilete, dikt og sangar. Over 40 kom til møte, og mange delte minner dei hadde om henne.

Mai 24: 14.mai var det open «Blomstersafari» til Kryddergården med godt frammøte både av medlemmar og andre.

Juni 24: Det blei ei flott avslutning på vårhalvåret, med innvilga 200.000,- i støtte til utskifting av vindu og dører (1.etasje) på Horpestad Grendahus. Elfinn Lea i Sparebankstiftelsen valde å dela dette ut same dag og tidspunkt som vi hadde bestemt Kultur-tur til Tinghaug og Særheim med Åslaug som guide/forteljar. Etterpå

skulle vi ha piknik med wraps i hagen der Fjola dyrkar blomar til Blomivase-firmaet sitt. Då himmelen opna slusene ba like godt farmor hennar – tidlegare leiar i Klepp BKL Kari Særheim - oss alle innomhus. Over 30 stk fekk plass + lappar med syltetøy. Tusen takk!!



Andre ting vi har vore med på:

- Mariann og Marianne frå styret representerte Klepp BKL på Årsmøtet til Rogaland BKL i Byrkjedal 15./16.mars. Gro Mabel var med frå Rogaland BKL.
- 13.juni steika Tuva og Randi Terese lappar for siste gong på Partnerskap mot mobbing på Horpestad skule.
- Unni, Mariann, Turid og Marianne har steika lapper i Friluftshuset i samband med konsertserien «Feriefolk» (26.mars og 7.juli). Vi har fast avtale med kulturavdelinga i kommunen om dette, og får alle inntekter av sal i kafeen.
- Åslaug, Falak og Marianne deltok i Regnbueparaden – 2 sistnemnde steika lappar i «Meieriparken» utanfor JyslaJillt-butikken.
- Stiftelsen Fredheim: Her er vi representerte ved Marianne, Turid og Åslaug.

Regnskap for Klepp Bygdekvinnelag 01.09.2023-31.08.2024

	2023/2024	2022/2023
INNETEKTER:		
Inntekter møter	8 723,00	17 718,24
Inntekt basar	66 388,00	69 195,58
Åpen Gard	17 727,00	-
Inntekt hausttakkegudstjenesten	12 486,00	9 736,00
Konsert Orre Friluftshus	3 532,00	-
Tilskudd lagsarbeid	3 600,00	6 000,00
Inntekt haustmarked	2 150,00	-
Inntekt arrangement/fest	30 560,00	-
Momskompensasjon NBK	6 527,00	2 300,00
Kundeutbytte Jæren Sparebank	1 428,00	-
Renteinntekter	5 793,00	785,00
	158 914,00	105 734,82
UTGIFTER:		
Styrehonorar	15 000,00	13 000,00
Basarutgifter	15 244,00	11 849,11
Utgifter haustmarked	2 300,00	-
Åpen Gard	4 106,00	-
Diverse utgifter	-	565,75
Arrangement/fest	32 539,00	-
Annonser	1 550,00	-
Inventar	1 800,00	-
Honorar regnskap	267,00	-
Data/Tripletex regnskap	2 018,00	-
Møter	24 750,00	22 937,43
Kos Kleppheimen	4 500,00	-
Årsmøte RBK	5 800,00	-
Kontingenter	765,00	740,00
Gaver	-	3 719,00
Gave etter basaren	20 000,00	10 000,00
Hausttakkegudstjeneste / Samarbeidsråd	12 486,00	9 736,00
Porto	85,00	-
Bank- og kortgebyrer	1 766,00	534,50
	144 976,00	73 081,79
Underskudd/overskudd	13 938,00	32 653,03
BALANSE PR 31.08.2024:		
Påløpte inntekt møte	-	855,00
Forskuddsbetalte kostnader	-	-13 688,70
Kontanter	1 641,00	3 966,00
Jæren Sparebank foreningskto	86 257,00	84 220,10
Jæren Sparebank kapitalkto	150 740,00	75 198,65
	238 638,00	150 551,05

Revidert:

30/9-2024

— 11 —

Signe Klingheim
Revident

Studieleiar har ordet:

Kurs hausten 2023 og våren 2024!

- 24.oktober 2023 arrangerte me kurs i Nordlandslefse og flatbrødbaking på Klepp Ungdomsskule. Kurslærer var Møyfrid Sirevåg. Det var 6 stykk som deltok på dette kurset.
- 31.oktober prøvde me igjen med bakekurs. Denne gongen var det lefse som stod på programmet. Me fekk igjen låna kjøkkenet på Klepp Ungdomsskule og læraren var som sist, Møyfrid Sirevåg. Det var 6 deltakarar på kurset som fekk med seg ferdig smurt lefse heim.



Både haust og vår hadde me fullbooka kurs i veving. Det var 13 kursdeltakarar på kvart kurs. Lengda på kursa var 12 kurskveldar. Kurset var delt inn i nybegynnar veving og vidarekomande veving. Det har



vore 7 deltakarar på nybegynnar kurset og 6 deltakarar på vidarekomande kurset kvar gong. Lærarane for desse kursa er Reidun Ueland og Målfrid Bilstad. Kursa er på gamle Tu skule fram til me skal flytte inn i lokalar på Horpestad skule hausten 2024.

Ref: Åslaug

Rekneskap BSF KLEPP BYGDEKVINNELAG
2023/2024

(BSF = Bygdefolkets StudieForbund – frå 2012:
Studieforbundet næring og samfunn)

	2023/2024	2022/2023
Inntekter		
Vevkurs	32200	36000
Bunadkurs	0	5000
Tilskot	21192	24368
Renter	3541	1986
Sum inntekter	56933	67354
Utgifter		
Annonse	0	0
Temakurs m.m	7099	2450
Leige lokale m.m vevkurs	6139	6139
Diverse*	2299	0
Lønn/Skatt	32000	39200
Sum utgifter	47537	47789
Under/Overskot	9396	19565
Balanse	31.08.2023	31.08.2024
Saldo bank	189753,58	
Overskot	9396	
Saldo bank		199149,58
Sum	199149,58	199149,58
Tilskot er fordelt slik:		
Veving	20408	
Baking	784	
Sum	21192	

*Kjøpt steiketakke

Vaffelkos på Kleppheimen 2 etasje.

Frå oktober 2023 til september 2024 har vi hatt 9 Vaffelkos med sang i 2 etasje på Kleppheimen.

Johannes Byberg har spelt trekkspill og vi har sunget så godt vi kan.

Dei som bur her set stor pris på at vi kjem med vaflar og musikk.

Gode faste vaffelsteikarar er Berit Rødland og Kari Ølberg – og Ragnhild Bryne som alltid steppar inn ved forfall.

Ref: Turid N H



Haustattkegudstenesta, søn. 1.10.2023

Lørdag 30.sept. reiste Randi Nese, Liv D.Hauge og eg til kyrkja og pynta. Liv stod for pyntinga, og det blei like fint som tidlegare!

Søndagen blei det fint ver – kyrkjekaffien skulle vera ute. Kyrkja var stappfull av folk, veldig mange ungar – eitt barn blei døypt. Liturgien var spesiell med mange innslag frå ungane. Dei las teksten, hadde skodespel og eit barnekor song. Prest just salvesen informerte etter talen om Sambolabo, prosjektet som bygdekvinnelaga i Rogaland har i Kamerun. Det blei og teke opp offergåve til dette arbeidet.

Det var så mykje folk i kyrkja at det vart i snauaste laget med kaffimat. Neste år bør vi laga 2 langpannekaker kvar. Men folk kosa seg, og vi fekk mykje skrøyt for pynting og kyrkjekaffien. Takk til Liv og Kjell for flott pynting, og takk til Randi for kakene.

Ref: Målfrid Braut



HAUSTMARKED 2023

Søndag 1. oktober 2023 fra kl. 12 – 16.00 arrangerte vi Haustmarked på Bore Samfunnshus

Komite: Bore Samfunnshus – Oddleiv Sele, Bore Bondelag – Bjørg Marit Fuglestad, Klepp Bygdekvinnelag – Anne Lise Tjelta, Klepp Bygdeungdomslag – Stein Olav Sveinsvoll

Følgende utstillere var med: Krossvold Gard, Sunnhet, Veisholen Gard, Kryddergarden, Voll Ysteri, Karsten Anvik, Erga Gardsutsalg og Eiganes Røkeri, Hole Gardsutsalg, Kafferøst, Kjøkkenmagi, Birger Hetland honning. Topp Sopp hadde også meldt seg på, men måtte melde avbud pga sykdom.

Klepp Bygdeungdomslag hadde aktiviteter for barn i kjelleren. Sigfred Rege, leder i Samfunnshuset, lagde potetkaker Dugnadshjelp fra Klepp Bygdekvinnelag steikte både disse og lapper som ble solgt både som kafémat og i poser til å ta med heim. Bygdekvinnelaget stilte også med kaker og som vakter i kafeen. Godt kafesalg!

Jillt med «kuå» som Bygdeungdomslaget hadde fått på plass der folk fekk prøva å melka for hånd. Bygdekvinnelaget hadde eget loddsalg med gevinster fra utstillerne. Masse folk og godt salg - som igjen ga fornøyde utstillere!

Ref: Anne Lise Tjelta

Basarkomiteen



1.nov.2023 var det Basar på Horpestad grendahus med ca 80 frammøtte! Sven Åsland var med og fortalte frå spanande reiser han har vore på. 20.000 av overskotet vart gitt som gåve til brystkreft-forskning. Det knytta seg stor spenning til om vi var nøyde for å kutta ut den tradisjonelle Basaren då den trufaste komiteen gjennom mange år takka av på sist Årsmøte. Heldigvis ville Anne Lise Tjelta ta på seg å føra tradisjonen vidare, og på sjølv Årsmøtet fekk ho med

seg ein heil gjeng flotte ungdommar i komiteen. Sigrid frå tidlegare komite let seg overtale til å ta 1 år ekstra for å sikre kontinuitet i arbeidet. Den nye komiteen har hatt 3 møter og aktiv kontakt på felles Messenger-gruppe. Dei har oppfordra medlemmer til å møtast både for å sy og strikka gevinstar, og er nå klare for ny basar 14.nov. Denne er flytta til Bore Samfunnshus. Tusen takk for alt det gode arbeidet tidlegare komite har gjort, og vi registrerer at dei fortsatt stiller aktivt opp på loddsal på Jærhagen! Så ynskjer vi ny komite lukke til vidare i arbeidet. Den nye komiteen er utanom Anne Lise og Sigrid: Elise, Edith, Fjola og Runa Lise.

Ref.: Runa Lise og Marianne

Innstilling frå valkomiteen

Leiar :	Marianne Øvregaard	gj.v. 1 år
Kasserar:	Gro Mabel Anda	gj.v. 2år
Styremedlem:	Reidun Skretting	gj.v. 2 år
Styremedlem:	Mariann Tjørn	1 år igjen
Styremedlem:	Anne Gro Bilstad	1 år igjen
Styremedlem:	Kari Brunnes	ny 2 år
Varamedlemmer	1. Karin Braut	gj.v. 1 år
	2. Runa Lise Skadsem	gj.v. 1 år
	3. Siri M. Byberg	gj.v. 1 år
Revisor:	Sigrun Klingsheim	1 år igjen
Revisor:	Anita Nese	gj.v. 2 år
Valkomite :	1. Inger Erås	1 år igjen
	2. ?	

Ref.: Grete Horpestad

Innkome saker: Styrehonorar

Klepp BKL har ein praksis med å gje styret honorar for jobben dei gjer. I dag er dette slik:

Leiar: 3000,-

Nestleiar: 2000,-

Kasserar: 2000,-

Sekretær: 2000,-

Studieleiar: 2000,-

Styremedlem: 2000,-

Tilsaman 13.000 per år. Etter drøfting med styret foreslår valkomiteen å auka honorar til kasserar til 3000,- (same som leiar). Samla utgifter blir då 14.000,-

Grunngjeving: Det har blitt meir aktivitet etter fusjonen med Bore BKL, noko som er særst positivt. M.a. har vi nå Haustmarked og lappesteiking på ulike arrangement, noko som fører til mange små bilag som må førast fortløpande. I tillegg må kasserar i framtida og føra eige rekneskap for kursa (BSF-rekneskap), noko Åslaug har tatt på seg å gjera til nå som studieleiar. Kort sagt: Meir arbeid framover for kasserar.

Vi har mange fleire medlemmar enn før, og god økonomi. Derfor legg vi fram dette forslaget til drøfting på Årsmøtet.

Forslag til vedtak: Honorar til kasserar blir auka til 3000,-